



Gripen Gard Helene Olli Sollid
Gripavegen 86
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1512 - 18/15896

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:

23.08.2018

Løyvingsbrev Gbnr. 35/2 Gripen SMIL 2018 - tilskot til restaurering av smie

Administrativt vedtak. Saknr: 185/2018

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad dagsett 01.06.2018.

Meland kommune vart for 2018 løyvd kr 190.000 i SMIL-midlar frå Fylkesmannen i Hordaland. Utval for drift og utvikling vedtok i møte 19.04.2016 ein ny SMIL-strategi for 2016-2019 med prioriteringar og satsar for kostnader. Søknadsfrist var 01.06.2018. Då søknadsfristen gjekk ut hadde Meland kommune motteke 10 søknader, m.a. frå Helene Olli Sollid for Gnr. 35. bnr. 2.

Helene Olli Sollid har søkt om tilskott til: Restaurering av smie innvendig.

Tiltaket ligg i LNF-området i arealplanen og kommunen har ikkje registrert viktige miljøverdiar på arealet, men det er registrert ein naturbeitemark med verdi viktig nærleiken.

Vedlegg til søknaden som er levert:

- Kart over tiltaket
- Bilete

Bruket har eit jordbruksareal på 60,8 daa, 338,9 daa skog og 70,7 daa anna areal. Driftsforma på bruket er sauehald.

Av SMIL-strategien går det fram at kommunen vil prioritere bygningar/byggverk, bygningsmiljø og landskap som er representative og særmerkt for vårt område, og bygningar som kan skape næringsaktivitet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kommunen meiner det er viktig å sjå dei ulike tenesteområda i samanheng og byggje vidare på tiltak som allereie er i gong, t.d. beiteprosjekt, gamle turveggar m.m. Nyetablerte kan prioriterast. Det vert sett krav om at før utbetaling kan skje til nyetablerte, må det vere beitedyr på garden.

Overordna prioriteringar:

1. Framleis satsing på biologisk mangfald, stell og rydding av beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar som kystlyng og strandeng. Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld vanleg beitemark, men er det knappe midlar skal ein prioritere kystlynghei og strandeng dersom det kjem slike søknadar.
2. Tiltak hjå nyetablerte bønder dei 5 første åra etter overtaking
3. Tiltak knytt til å sette i stand bygningsmasse med tanke på ny aktivitet under gamle tak eller tradisjonell bruk og tiltak knytt til tørrmura element og heilskapleg kulturmiljø
4. Gjennomføring av fellestiltak knytt til kartlegging av avrenning frå landbruksareala til vatn og vassdrag.

Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket ble i 2017 revidert. Det ble i ettertid utarbeidd eit nytt rundskriv til den reviderte forskrifta. Søknadene vert sett i samanheng med det Regionale miljøprogrammet for Hordaland (RMP).

Vurdering:

Prioritering totalt sett: 7

Søkjar ynskjer å sette i stand den gamle smia på garden og slik at den nyttast igjen. Bygget ligg i eit heilskapleg kulturlandskap som ikkje er påverka av moderne drift. Området har mange ulike kulturlandskapselement med fleire eldre bygningar mellom anna kvernhus, og sagbruk. Søkjar har tidlegare fått SMIL-tilskot til vøling av bygningen utvendig. Bygget er eit kombinert bygg med smie nede og vognskjul oppe. Administrasjonen meiner det er positivt dersom ein kan få vøla den gamle smia, slik at denne kan nyttast igjen. Bygget har blitt satt i stand, og det vil vere positivt for området at heile bygget kjem i stand også innvendig. Smie er truleg lite endra etter at den vert bygd, slik at det vil vere mogleg å behalde det slik det var. Smiene er ein viktig del av kulturhistoria i Meland kommune, kor produksjon av navar var viktig. Ein smie som kan nyttast er difor viktig for å halde kunnskap i hevd

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt føremål, jf. forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket § 1.

Grunna lite midlar og stor søknadspågang har kommunen måtte prioritera midlar. Kommunen har derfor ikkje kunna løyva full sats til tiltaket. Men kommunen meiner det er viktig at smia kjem i stand og løyver midlar til dei delane av tiltaket som treng proff bistand som til dømes sjølve smie og blåsebelg.

Kostnadsoverslaget vert slik:

Tiltak	Material kostnader	Arbeid	Kostnad kr	Tilskots %	Tilskot kr
Vøling smie	50000	50000	100000		
Sum			100000	20	20000

Søknaden er vurdert i høve til naturmangfaldlova §§ 8-12 og basert på artskart, naturbase og den kunnskap som administrasjonen har om viktige miljøverdiar i Gripen. Det er registrert ein naturtype i nærleiken av bygget, denne har verdi viktig. Omsøkt tiltak vil ikkje råke eller påverke naturtypen. Administrasjonen har vurdert det slik at tiltaket ikkje er i konflikt med dei omsyn som lova skal ta vare på (jf. §§ 8-12).

Vedtak

"Meland kommune løyver 20 000 kr i tilskot til Helene Olli Sollid på Gnr. 35 bnr. 2. Løyvinga er eit eingongstilskot. Vedtaket har heimel i §§ 5 og 8 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Løyvinga vert gitt på følgjande vilkår:

Generelle vilkår:

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå løyving: 01.12.2021.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Søkjar har forplikta seg i høve til ein rekkje punkt ved underskrift av søknadsskjema, jf. punkt 5 i søknadsskjema.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjend i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjend med aktuelle lover og forskrifter.

Regional kulturminneforvaltning:

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, skal handsamst særskild. Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetting av freda bygning eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot og utsetjing av arbeidsfrist:

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i tråd med løyvinga.
- Søknad om delutbetaling av inntil 75 % av løyvd tilskot når tilsvarande mengd arbeid er utført.
- Resterande del på 25 % vert utbetalt når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjend av kommunen.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto. Meland kommune har utarbeidd skjema til dette.
- Til utbetaling vil konto som oppgjeve på søknaden verte nytta. Søkjar plikter å informere skriftleg om endringar.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad før.

Kontroll:

Kommunen kan kontrollere at arbeid er gjort som omsøkt, jf § 9. Sakshandsamar hos Fylkesmannen kan også synfare tiltak. Statens Landbruksforvaltning eller Riksrevisjonen kan krevje naudsynnte opplysningar og kontrollere at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane.

Omgjering av vedtak:

Kommunen kan omgjere vedtak om løyvd tilskot dersom det oppstår tilhøve som er i strid med

føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jf. § 10. Kommunen minner om at løyvd tilskot kan trekkjast attende, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga.”

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl.). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

SMIL søknad signert Gbnr. 35-2

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:

Gripen Gard Helene Olli Sollid

Gripavegen 86

5918

FREKHAUG